

Fra: Kristin Ruud Myking (Kristin.Ruud.Myking@osteroy.kommune.no)
Sendt: 06.01.2015 08:08:38
Til: Else-Marie Brobakke Aarø
Kopi:

Emne: SV: Rapportering
Vedlegg: image001.jpg;image002.png

Hei!

Godt nytt år til deg også.

Takk for utsettinga, med denne skal me nok få prosjektet i hamn.

Mvh

Kristin R Myking

Fra: Else-Marie Brobakke Aarø [mailto:Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no]
Sendt: 5. januar 2015 15:19
Til: Kristin Ruud Myking
Kopi: Anne Mette Nesje Porten
Emne: SV: Rapportering

Til Osterøy kommune v/ Kristin Ruud Myking

Hei Kristin.

Om økonomirapportering på prosjekta Helsefremjande nærmiljøkvalitetar – SFO.

Syner til tidlegare kontakt der Osterøy kommune ber om utsett rapporteringsfrist knytt til økonomi. Eg har no fått tilbakemelding frå Helsedirektoratet. Tilbakemeldinga er at Hordaland fylkeskommune bør legge inn merknad om utsett frist i den rapporteringa vi skal sende samla for alle prosjekta pr. 31. jan 2015. Her må vi skrive inn behov for utsett rapporteringsfrist for dei einskilde prosjekta som treng dette, og med dato for endeleg sluttrapportering. Slik eg forstod deg vil de sannsynleg vis vere i mål med rapportane i slutten av januar. Eg må få rapporten frå dykk seinast den 27. 01. Om de treng utsett frist utover denne datoen så ta kontakt når det nærmar seg.

Ønskjer deg også eit riktig godt nyttår!

Med beste helsing

Else-Marie Aarø
Spesialrådgjevar Folkehelse
Regionalavdelinga | Utviklingsseksjonen

Mob: 924 79 790//tlf. 55 37 80 29

e-post: else-marie.aaro@hfk.no

www.hordaland.no

Fra: Kristin Ruud Myking [<mailto:Kristin.Ruud.Myking@osteroy.kommune.no>]

Sendt: 12. desember 2014 09:09

Til: Else-Marie Brobakke Aarø

Emne: SV: Rapportering

Det bør vi klare! Tusen takk! Mvh Kristin

Sendt fra min Sony Xperia™-smarttelefon

---- Else-Marie Brobakke Aarø skrev ----

Hei Kristin,

Takk skal du ha. Før jeg tar dette med departementet over helga. Mi frist for økonomisk rapportering til Oslo er den 31 01 15. Kan du vurdere kort om de vil være i mål med byggemeldinga og evt innkjøp innan slutten av januar neste år?

Else-Marie

Fra: Kristin Ruud Myking [<mailto:Kristin.Ruud.Myking@osteroy.kommune.no>]

Sendt: 11. desember 2014 12:48
Til: Else-Marie Brobakke Aarø
Emne: SV: Rapportering

Hei!

På mange plan er me kommet langt i prosjektet. Spesielt gjeld dette samarbeidet ut mot dei frivillige laga og organisasjonane samt FAU. Dei står klare til å hjelpe oss i hamn med dei praktiske gjeremåla i begge prosjekta.

PROSJEKT 1:

I dette prosjektet har det stoppa opp ved at me har hatt for lite kunnskap om byggesak, kva forskrifter som gjeld og tidsperspektiv. Me var og forespeilt munnleg at me ikkje trong søka tidligare på året. Dette viste seg ikkje å stemme når me bad om å få dette skriftleg, dessverre ba eg ikkje om dette før i slutten av oktober då me egentlig var klare for å setje i gong. Pga sjukemelding på SFO ansatt som er med i prosjektet har det stoppa opp slik at teikningane ikkje har blitt ferdige og oversendt byggesak.

PROSJEKT 2:

Her har det og stoppa opp på grunn av sjukemeldingar. Som eg skreiv under så står og fell det på at dei skal bestemme seg for apparat. Dette kunne eg ha overtatt, men eg synes det er viktig at dei ser sin rolle inn i prosjektet. Det er viktig at dei får apparat som fungerer ut i frå behovet til den SFO en.

I begge prosjekta er det lagt inn grill. Her er det gjort avtale med Osterøy Vidaregåande som set i gong med dette når eg seier i frå. På grunn av sjukemeldingane ynskjer eg ikkje at me skal ha ferdige grillar ståande på vent (slik lagerplass har eg ikkje).

Eg kunne ha tatt over prosjekta, men eg ser ikkje dette som hensiktsmessig. Mykje av lærdommen i dette prosjektet er å klare å fullføre eit prosjekt og då nyttar det ikkje at andre tar over når den praktiske handlinga skal iverksettast. SFOane må være hoveddrivkrafta i prosjekta, dei skal eige prosjekta, ikkje eg. Det er viktig at me får gjennomføra prosjekta både for dei kommunalt ansatte, men og for dei frivillige som ynskjer å være med. Men før me klarar dette må sentrale personar komme tilbake i arbeid og derfor ber eg om utsetjing av rapporteringsfrist på økonomibiten.

Med venleg helsing

Kristin Ruud Myking
Folkehelsekoordinator
Leiar koordinerande eining



T / 56 19 21 00 E / kristin.ruud.myking@osteroy.kommune.no
M / 99010087 W / www.osteroy.kommune.no

Sjå vår brosjyre

Osterøy kommune Rådhusplassen 5282 Lonevåg Org. nr.: 864 338 712



HVER BEVEGELSE TELLER
DET ER 30 MINUTTER OM
DAGEN SOM GJELDER

Fra: Else-Marie Brobakke Aarø [<mailto:Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no>]
Sendt: 10. desember 2014 14:09
Til: Kristin Ruud Myking
Emne: SV: Rapportering

Hei Kristin,

Kjedeleg med ulike stopp, men slik er det i prosjektutvikling.

Eg må kontakte Helsedirektoratet siden de vil ha utsett rapporteringsfrist på det økonomiske. Kan du kort skrive nokre linjer som eg kan vidare formilde og så tek vi det der i frå?

Else-Marie

Fra: Kristin Ruud Myking [<mailto:Kristin.Ruud.Myking@osteroy.kommune.no>]
Sendt: 9. desember 2014 10:25
Til: Else-Marie Brobakke Aarø
Kopi: Monica Grøtte Vevle; Toini Zahl Bakken; Wenche Hauge; Kristin-Merete Nøttveit; Britt Rød
Emne: SV: Rapportering

Hei!

Det var fint å få dette i word format. Og dette skal vi fint klare å levere.

Her ute slit me verkeleg med å komme i hamn med sjølve prosjekta. Me har alt på plass i forhold til dei som

skal være med å setje opp leiestativ, lage og mure opp grillar og sette opp gapahuk. Men det har stoppa opp ved at me må melde inn det eine prosjektet til byggesak. Me jobbar no med utbetringar av teikningar og nabolister og skal levere så fort som råd til byggesak. Me får nok ikkje godkjent prosjektet før nyttår. Eg har ikkje lager som eg kan legge utstyret på i påvente av å få godkjenning så eg har ikkje kjøpt inn dei aktuelle materiala enno. (Det er utarbeidd materialliste som me har fått pris på.) I det andre prosjektet så har det vore sjukemeldingar og dei har ikkje fått bestemt seg for kva leikestativ dei skal gå for. Eg ynskjer ikkje å overstyra denne sfo`en i forhold til val av stativ. Men dersom eg må så gjer eg det, men eg ynskjer helst at dei skal få gjere dette sjølve. Kan me få overføre midlene til neste år i påvente av godkjenning? Alt er som sagt på plass det er kun innkjøp som manglar og ei godkjenning som me forventar skal gå i orden så det allereie er eit bygg der som kun skal utvidast noko. Eg beklagar at me ikkje er heilt i hamn.

Mvh

Kristin Ruud Myking

Fra: Else-Marie Brobakke Aarø [<mailto:Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no>]

Sendt: 8. desember 2014 19:32

Til: Kristin Ruud Myking

Emne: Rapportering

Hei Kristin,

Flere har etterlyst faglig rapporteringsskjema i word-format. Sender dette til deg om du trenger det.

Med beste hilsen

Else-Marie Aarø